



| Styre, utval, komite m.m | Møtedato | Saknr |
|--------------------------|------------|--------|
| Eidfjord formannskap | 24.01.2022 | 22/013 |
| Eidfjord kommunestyre | 31.01.2022 | 22/005 |

Førearbeid - kommuneplanen sin arealdel - Organisering av arbeidet og sentrale tema for planarbeidet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert oppretta ei styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel med fylgjande medlem:

1. (Leiar)
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.

Rammer for planarbeidet og planlagd framdrift går fram av saksutgreiing og vedlegg.

Vedtak som innstilling frå Eidfjord formannskap - 24.01.2022 - 22/013

Det vert oppretta ei styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel med 4 medlem, eit frå kvart politiske parti:

1. (Leiar)
- 2.
- 3.
- 4.

Rammer for planarbeidet og planlagd framdrift går fram av saksutgreiing og vedlegg.

24.01.2022 - Eidfjord formannskap

Endringsframlegg frå formannskapet:

Det vert oppretta ei styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel med 4 medlem, eit frå kvart politiske parti:

1. (Leiar)

- 2.
- 3.
- 4.

Rammer for planarbeidet og planlagd framdrift går fram av saksutgreiing og vedlegg.

Røysting:

Endringsframlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FSK - 22/013 - Vedtak:

Det vert oppretta ei styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel med 4 medlem, eit frå kvart politiske parti:

1. (Leiar)
- 2.
- 3.
- 4.

Rammer for planarbeidet og planlagd framdrift går fram av saksutgreiing og vedlegg.

31.01.2022 - Eidfjord kommunestyre

Endringsframlegg, fremja av Kvale, Eirin Sandstå, Eidfjord senterparti

Eidfjord SP og Eidfjord H har fylgjande framlegg om endring:

Stryk setningen «Rammer for planarbeidet og planlagd framdrift går fram av saksutgreiing og vedlegg.»

Styringsgruppa får mynde til å endra rammer og framdrift for planarbeidet innanfor budsjett. Endringar skal meldast som referatsak for kommunestyret.

Under intern rådgjeving/referansar skal følgjande inkluderast og nyttast aktivt i prosess med ny arealplan

- Ungdomsrådet
- Råd for eldre og menneske med nedset funksjonsevne
- Komite for sentrumsutvikling Eidfjord
- Komite for kommunal eigedomsforvaltning
- Styringsgruppe for strategisk næringsplan

Framlegg til medlemmer i styringsgruppa:

1. Anders Vatile (Leiar)
2. Aslak Lægreid

Endringsframlegg, fremja av Næss, Grete, Eidfjord SV-Sosialistisk Venstreparti
SV foreslår Anett Vivali som representant i styringsgruppa.

Endringsframlegg, fremja av Vivali, Liv Bente Rokne, Eidfjord arbeidarparti
Eidfjord AP foreslår Gunvall Medhus som sin representant.

Røysting:

Endringsframlegg frå Eirin Sandstå Kvale (SP), Grete Næss (SV) og Liv Bente Rokne Vivali (AP) var samrøystes vedteke.

KST - 22/005 - Vedtak:

Det vert oppretta ei styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel med 4 medlem, eit frå kvart politiske parti:

1. Anders Vatile (Leiar)
2. Aslak Læg Reid
3. Anett Vivel
4. Gunvall Medhus

Styringsgruppa får mynde til å endra rammer og framdrift for planarbeidet innanfor budsjett. Endringar skal meldast som referatsak for kommunestyret.

Under intern rådgjeving/referansar skal følgjande inkluderast og nyttast aktivt i prosess med ny arealplan:

- Ungdomsrådet
- Råd for eldre og menneske med nedset funksjonsevne
- Komite for sentrumsutvikling Eidfjord
- Komite for kommunal eigedomsforvaltning
- Styringsgruppe for strategisk næringsplan

Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

Saka gjeld:

Eidfjord kommune skal utarbeida ny arealdel til kommuneplanen. Det fyrste formelle steget er å varsla oppstart og leggja planprogram ut til høyring og offentleg ettersyn. Før me kjem så langt, er det likevel naudsynt å stilla opp nokre rammer for organiseringa av arbeidet og peika ut visse tema som vil verta viktige i planen.

På grunnlag av dette utgangspunktet vil kommunen seinare lysa ut konsulentoppdraget knytt til utarbeidinga av plandokumenta.

Vurdering:

Organisering

Administrasjonen tilrår at arbeidet administrativt vert leia av ei prosjektgruppe bestående av rådmannen, prosjektleiar og leiar for Kultur, næring og berekraft.

Administrasjonen tilrår vidare at ei administrativ arbeidsgruppe fylgjer opp det daglege arbeidet med planen, inkludert oppfølging av innleigd konsulent. Arbeidsgruppa går gjennom innkomne innspel og vurderer desse. Den administrative arbeidsgruppa vil bestå av representantar for dei ulike avdelingane på Drift & Forvaltning. Eininga Kultur, næring og berekraft vil også vera representert i gruppa, og organisasjonssjefen. Prosjektleiar og leiar for arbeidsgruppa vert ass. einingsleiar (/einingsleiar) for D&F.

Vidare tilrår administrasjonen at det er ei politisk styringsgruppe som samarbeider med arbeidsgruppa. Styringsgruppa vurderer innkomne innspel saman med arbeidsgruppa, og møtast jamnleg gjennom planprosessen. Arealdelen har stor betydning for kommunen i mange år framover. Det er viktig at arbeidet er godt forankra politisk og at styringsgruppa arbeider aktivt med utarbeidinga av planen.

Administrasjonen vil difor tilrå at styringsgruppa vert samansett av representantar frå

alle dei politiske partia i kommunestyret. Administrasjonen tilrår at ein av arealplanleggjarane på D&F, som inngår i arbeidsgruppa, får i oppgåve å hjelpa med førebuingar til styringsgruppa sine møte og føra referat frå desse.

Det bør gjennomførast jamnlege møte mellom arbeidsgruppe og styringsgruppe i planarbeidet, og arbeidet må samordnast best mogleg. Dette kan koordinerast mellom leiaren i styringsgruppa og leiaren i arbeidsgruppa.

Viktige tema

Arealdelen er ein overordna plan, og kan ikkje ta føre seg alle detaljar. Det er hovudlinjene som er sentrale. Samstundes er arealdelen den viktigaste planen for framtidig arealbruk i kommunen, då han får bindande verknad for denne.

Planstrategien for Eidfjord kommune nemner at arealdelen skal ha hovudfokus på følgjande areal:

- Hardangerviddatunnelane
- Sysendalen
- Simadal

I tillegg føreslår administrasjonen følgjande fokusområde:

- Ytre Bu. Kommunen har fått større areal frå 1.1.2022, og må få dette med i planen. Gamalt plangrunnlag for Ytre Bu er knapt.
- Fjellpartiet Tussafoten. Rasfare får stor påverknad på Øvre Eidfjord, og dette temaet er viktig å få med
- Klårgjering av reglar for tiltak i stølsbol. Dagens plan er noko uklår her, men det er eit viktig tema, med betydning særleg for eigarar av gardsbruk i kommunen. Det er mange stølsbol i kommunen, spreidd ut over store område.
- Gjennomgang av eksisterande arealføremål og føresegner i heile kommunen. Gjeldande arealdel er prega av ein del feil og uklårheit. Dette gjeld særleg
 - LNF v. næring
 - LNF v. bustad/fritidsbustad
 - LNF v. LNF spreidd
- Omsynssoner
 - Langs elv, særleg vernesona for Veig i Øvre Eidfjord
 - Kulturminne, særleg Hæreidsterrassen
 - Naturvern, særleg nasjonalparken og landskapsvernområdet

Opplistinga over er eit utgangspunkt og ikkje uttømmende for det arealdelen skal ta føre seg. Arbeidet med arealdelen vil innebera gjennomføring av ulike opne møte og moglegheit for innsending av innspel frå ulike aktørar. Desse innspela og prioriteringane til styringsgruppa vil også bidra til å avklara kva som vert hovudpunkta i planen.

Skisse over utgangspunkt og planlagt framdrift for planarbeidet

Vedlagte dokument tek føre seg rammene for planarbeidet, føreslege organisering og framdriftsplan.

rådmann

sakshandsamar

Rett utskrift: